



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 27.03.2012
Møtetid: 17:00 - 19.20
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Øyvind Røen	Monica Tjønna

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann, einingsleiar sosial og helse, brannsjef

Merknader:

Spørsmål	Brigt Olav Gåsdaal spurde om administrasjonen ikkje bør orientera i Samningen om reglar knytt til bråtebrenning. Brannsjefen orienterte kort om kva som gjeld. Bråtebrenning i hagen er det ikkje forbod mot.
-----------------	---

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 04.04.2012

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
010/12	12/214	Faste saker	
011/12	10/519	Førstehjelpsbil - oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om endring i drifta	

SAKNR. 010/12
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
-

27.03.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

FORM-010/12 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent

SAKNR. 011/12

**FØRSTEHJELPSBIL - OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK OM
ENDRING I DRIFTA**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

27.03.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet ga tidleg i diskusjonen uttrykk for at me måtte behalda førstehjelpsbilen som del av helseberedskapen. Når mannskapet ikkje ville ta på seg arbeid på bilen dersom dagens varslingsordning vart endra, var formannskapet av den meining at då ville dei oppretthalda den sjølv om det krov ekstra midlar.

På bakgrunn av det sette **rådmannen** fram slikt framlegg til vedtak:

Ordninga med førstehjelpsbil i Samnanger held fram som i dag. Dvs, at bilen vert varsla direkte av AMK. Personalet får tilbod om fast tilsetjing på same vilkår som i dei mellombelse avtalane. Det vert presisert at naudsynt opplæring og øving vert gitt. Formannskapet vil sikra naudsynt tilleggsøyving.

Monica Tjønna Sp sette fram slikt framlegg til vedtak:

- 1) *First Responderbilen i Samnanger skal driftes forsvarlig og i samarbeid med AMK. Krava til mannskapa drøftes med partene for å finne best mulig løysning på krava.*

Kursing av personell skjer etter reelt og lovpålagt behov for dette. Kursing utanom lovpålagte er frivillige og uten lønn.

Det skal og, i samarbeid med mannskapas tillitsvalgte og verneombud, utarbeides arbeidsavtale og arbeidsinstruks som tilsvarende gjeldende lover og

forskrifter snarast mulig. Det skal og lagast ein instruks over minstekrav til kompetanse, med tanke på vidererekuttering mannskapet på FR bilen.

- 2) I tillegg skal kommunen i samarbeid med mannskapa, AMK og kommunelegen kartlegge mulighetene for andre tjenelige varslingsrutiner og jobbe kontinuerlig med å forberede tjenesten med tanke på innsparing uten tap av kvaliteter.*

Det vart gjennomført prøverøysting der dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre. 6 røysta for framlegget frå rådmannen og 1 for framlegget frå Tjønna. Endeleg avrøysting ga same resultatet.

FORM-011/12 VEDTAK:

Ordninga med førstehjelpsbil i Samnanger held fram som i dag. Dvs, at bilen vert varsla direkte av AMK. Personalet får tilbod om fast tilsetning på same vilkår som i dei mellombelse avtalane. Det vert presisert at naudsynt opplæring og øving vert gitt. Formannskapet vil sikra naudsynt tilleggsøyving.

